



Ing Taule As  
Radøyvegen 1400  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/6105 - 22/78811

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
14.10.2022

## **Melding om utført endring av bygningstype i Matrikkelen - gbnr 132/11 Soltveit nordre**

**Etter innsendt krav om endring frå deg dat 16.08.22, og seinare supplering av opplysningar, har kommunen utført endring av bustadhus frå bygningstype 163 våningshus brukt som fritidsbustad, til bygningstype112- einebustad m/hybel/ sokkelleilighet.**

Kravet om endring har vore forelagt byggesaksavdelinga for vurdering. Då dette bygget truleg er sett opp før plan og bygningslova kom i 1965 ( det viser på flyfoto frå 1966), er det ikkje noko dokumentasjon i kommunen på korleis dette bygget opprinneleg var. Det er dokumentert ei grundig opprusting av bygget bygningmessig, og også opplyst at dette vil verte knytt til både offentleg vatn og avløp. Veg og parkering er også ok. Etter dei opplysningane som ligg føre uttaler byggesak at det ikkje er mogleg å vurdere om bygget er godkjent med to husvære slik det er opplyst i søknaden.

Det tidlegare våningshuset vert no endra til «vanleg» bustadhus, då det no ikkje lenger er bustad på landbrukseigedom. Det er opplyst at det er felles inngang til huset og felles bod i kjellar.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR ( renovasjon ) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg matikkelrapportar som viser kva som var/er registrert om bygget før og etter endringa.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

132-2-våningshus før retting  
132-2-einebustad etter retting

**Mottakarar:**

Ing Taule As  
Rognaldsen Eiendom As

Radøyvegen 1400  
Gangstøvegen 24

5936 MANGER  
5911 ALVERSUND